

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 26.05.03 **Tid:** 09.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:**

Administrasjonssjefen, ass. administrasjonssjef og kommunekasserar. Kulturkonsulenten tilstades under sak 0017/03 om breiband.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27. mai 2003

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

**UTVALET SITT KVARTER:****Magda Haugen**

**Gjenbruksstasjon** – framdrift, kva skjer. Adm.sjefen orienterte om at ho var kjend med at det var innhenta pris på arbeidet. Ordføraren ga melding om at BIR har sagt at dersom det vart avvik i høve til framdriftsplanen vil det verta gjennomført innsamlingsdag.

**Eigedomstilhøva for friområde i Rolvsvåg** – av informasjon i Samningen gjekk det fram at friområde i Rolvsvåg var statleg. Ho reiste spørsmål ved dette. Adm.sjefen orienterte om at friområdet var kjøpt med statlege midlar, og at kommunen som disponerar området har gitt ansvaret for forvaltning til Bergen og Omland friluftsråd.

**Björg Solvang**

Brakkene ved kommunehuset, har nokon sagt seg interessert i å overta desse? Adm.sjefen vil undersøke om det er lag og organisasjonar i kommunen som vil overta brakkene.

**Ole Totland**

Bompengeinnkrevjing til finansiering av veg mellom Norheimsund og Øystese. Han etterlyste kommunen si haldning i denne saka.

Ordførar viste til det som var sagt i kommunestyret. Kommunen er skeptisk til prosjektet, noko som er meddelt m.a. Kvam herad.

**Arne Jørgensen**

Sal av fiskekort i Tysseelva. Tilhøve/ fordeling mellom grunneigarar, Jeger – og fiskelaget og publikum. Administrasjonen us. ang. skriv/ uttalar frå Direktoratet for Naturforvaltning og fylkesmannen. Det vart vist til skriv frå NVE om kva ansvar Bkk har for vedlikehald og drift av fisketrappa.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ordførar ga informasjon om desse sakene:

- Tingingar med firmaet H. Hadeland om kommunal eigedom på Ytre Tysse
- Sluttføring av tingingar om skogsvegen frå reinseanlegget innover til Fitjvatnet. Spørsmålet om vegen skal vera open eller om det skal setjast opp bom vart drøfta.
- Sal av aksjer i BIR,
- Finn Mohn si tomt på Bjørkheim
- Fossen Bratte, plassering av kanon, tilrettelegging av plassen m.m

Administrasjonssjefen orienterte kort om kommuneøkonomien. Det vert gitt ein grundigare orientering i kommunestyremøte.

Saman med innkallinga var det sendt ut framlegg til kommuneplan for Høysæter. Personal- og økonomiutvalet har ansvaret for denne delen av arealplanen. Utvalet har ikkje noko å merkja til utkast til arealplan for Høysæter som er i tråd med den informasjonen som kom inn på

folkemøte m.a.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0017/03	03/00142 <b>BREIBAND I SAMNANGER - VAL AV LØYSING OG FINANSIERING</b>
0019/03	03/00144 <b>IT - STRATEGIRÅD I REGI AV REGIONRÅDET FOR BERGEN OG OMLAND DELTAKING OG FINANSIERING</b>
0020/03	03/00008 <b>TILLEGGSLØYVINGAR 2003. MURANE PÅ GJERDE SKULE, SLEKTSSOGE, GARDSBARNEHAGEN, LEGEKONTOR</b>
0021/03	03/00219 <b>VAKTORDNING BRANNMANNSKAP UTVIDA HELGEVAKTER, FRÅ FREDAGAR</b>
0022/03	03/00211 <b>BETALINGSSATSAR SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER</b>
0023/03	03/00223 <b>FINANSREGLEMENT FOR SAMNANGER KOMMUNE</b>
0024/03	03/00225 <b>MARIENLUND -EVT. SAL AV EIGEDOMEN</b>
0025/03	02/00434 <b>KLOAKKAVGIFT - KLAGE.</b>
0026/03	03/00177 <b>TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - "OLINE" - JUDITH ESPELID SVENSDAL.</b>
0018/03	97/01720 <b>UTBYGGING AV BYGGEFELTET PÅ LØNNEBAKKEN</b>

0017/03

**BREIBAND I SAMNANGER - VAL AV LØYSING OG FINANSIERING****Handsaming i møte:**

Saka var handsama for opne dører inntil ein gjekk inn på dei innkomne tilboda.

Personal- og økonomiutvalet drøfta saka inngående. Dei stilte seg samrøystes bak tilrådinga til kommunestyret.

**Vedtak:**

Samnanger kommune inngår tingingar med BKK om utbygging av breiband både til kommunale institusjonar og til innbyggjarane. Det må arbeidast vidare for å få til løysingar for innbyggjarane som ikkje vert omfatta av utbygginga i denne omgang.

Det vert søkt Samnanger næringsforum om fullfinansiering av utbygginga.

I framtidige budsjett må det setjast av midlar til vidare utbygging.

0019/03

**IT - STRATEGIRÅD I REGI AV REGIONRÅDET FOR BERGEN OG OMLAND  
DELTAKING OG FINANSIERING****Framlegg til vedtak.:**

Samnanger kommune vert deltakar i IT strategirådet som vert oppretta i regi av regionrådet Bergen og Omland slik det er skissert i brev av 17.03.03.

Det vert gitt ei tilleggsøyving for 2003 på kr 7.000 ved at konto nr. 1.1200.1800.4900 vert redusert og overført til konto nr. 1.1200.1205.1950

Dersom det vert liten oppslutnad om tiltaket frå medlemskommunane, og det medfører vesentleg større kostnad for Samnanger, vil saka verta handsama på nytt.

**Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Samnanger kommune vert deltakar i IT strategirådet som vert oppretta i regi av regionrådet Bergen og Omland slik det er skissert i brev av 17.03.03.

Det vert gitt ei tilleggsøyving for 2003 på kr 7.000 ved at konto nr. 1.1200.1800.4900 vert redusert og overført til konto nr. 1.1200.1205.1950

Dersom det vert liten oppslutnad om tiltaket frå medlemskommunane, og det medfører vesentleg større kostnad for Samnanger, vil saka verta handsama på nytt.

0020/03

**TILLEGGSLØYVINGAR 2003.  
MURANE PÅ GJERDE SKULE, SLEKTSSOGE, GARDSBARNEHAGEN,  
LEGEKONTOR**

**Handsaming i møte:**

Utvalet tilrår at det vert gitt tilleggsloøyvingar til dei aktuelle tiltaka.

**Vedtak:**

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar:

Konto nr. 1.1602.2221.2300 Gjerde skule vert auka med	kr 40.000
Konto nr. 1.1500.3853.4700 (ny konto) Slektssoge vert auka med	kr 30.000
Konto nr. 1.3002.2410.0101 Legekantor vert auka med	kr 57.000
Konto nr. 1.1200.1800.4900 Tilleggsloøyving vert sett ned med	kr 173.000

0021/03

**VAKTORDNING BRANNMANNSKAP  
UTVIDA HELGEVAKTER, FRÅ FREDAGAR**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune finn av økonomiske grunnar ikkje å kunna utvida vaktordninga for brannmanskapat slik brannmannskapet ønskjer.

**Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Samnanger kommune finn av økonomiske grunnar ikkje å kunna utvida vaktordninga for brannmanskapat slik brannmannskapet ønskjer.

0022/03

**BETALINGSSATSAR SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER**

**Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg til satsane slik dei kjem fram i saksutgreiinga for lokal tilpassa modell.

**Arne Jørgensen** sette fram slikt tillegg: Satsen på kr 150,- pr. dag vert og gjort gjeldande for sommarferien 2003.

Utvalet slutta seg og samrøystes til tillegget frå Jørgensen.

**Vedtak:**

<b>Oppholdstid per veke</b>	<b>Pris</b>
28 t/veka (100 %)	1.600,- (som i dag) pr. mnd
22 t/veka	1.250,- pr. mnd
12,5 t/veka	713,- pr. mnd
8 t/veka	456,- pr. mnd
Kjøp av enkeltdag	150,- pr. dag
Kjøp av enkelttimar	50,- pr. t

I tillegg kjem kr. 155,- til mat i heiltidstilbod og kr. 75,- for enkeltdagar.

Satsen på kr 150,- pr. dag vert og gjort gjeldande for sommarferien 2003.

0023/03

**FINANSREGLEMENT FOR SAMNANGER KOMMUNE****Handsaming i møte:**

Utvalet hadde ikkje merknader til utarbeidd framlegg til finansreglement for kommunen.

**Vedtak:**

Framlegg til finansreglement slik det går fram av saksutgreiinga vert vedteke.

0024/03

**MARIENLUND -EVT. SAL AV EIGEDOMEN****Handsaming i møte:**

I møtet vart det lagt fram takst utarbeidd av takstmann.

**Vedtak:**

”Marienlund” på Ytre Tysse vert lagt ut for sal. Salssummen skal øyremerkjast til ny bustad. Salet vert administrert av eigen administrasjon.

0025/03

**KLOAKKAVGIFT - KLAGE.****Handsaming i møte:**

Utvalet var samde om å halda fast på tidlegare vedtak. Klagen vart derfor ikkje imøtekomen.

**Vedtak:**

Eigar av gnr 25, bnr 46 skal koplast til kommunalt avlaupsanlegg. Det skal betalast tilkoplingsavgift etter sats C i samsvar med gebyrreglementet for 2002, kr 9.328,- .

Det skal betalast årsavgift frå og med 2. termin 2002.

0026/03

### **TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - "OLINE" - JUDITH ESPELID SVENSDAL.**

#### **Framlegg til vedtak::**

OLINE v. Judith Espelid Svendsdal får eit tilskot på 75 % av omsøkte investeringar til etablering av filial på Bjørkheim. Tilskotet på kr 16.000 vert å føra som utgift på konto nr. 1.1400. 3251.4700 og finansiert ved bruk av næringsfondet.

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

#### **Vedtak:**

OLINE v. Judith Espelid Svendsdal får eit tilskot på 75 % av omsøkte investeringar til etablering av filial på Bjørkheim. Tilskotet på kr 16.000 vert å føra som utgift på konto nr. 1.1400. 3251.4700 og finansiert ved bruk av næringsfondet.

0018/03

### **UTBYGGING AV BYGGEFELTET PÅ LØNNEBAKKEN**

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet ser at det er vanskeleg å unngå dei meirutgiftene som er skissert i saksutgreiinga. I møtet vart det orientert om at det ikkje var tilgjengelege fondsmidlar til å dekke utgiftene slik det er vist til i saksutgreiinga. Administrasjonen tilrådde at udekka kostnad vert finansiert ved framtidig tomtosal.

#### **Vedtak:**

Meirutgiftene knytt til tilrettelegging av bustadfeltet på Lønnebakken inkl. framføring av vatn til området inntil kr 935.000 vert finansiert ved inntekter frå tomtesalet.